

Ålesund, 16. februar 2022

Bluewild kontraherer ny fabrikktrålar med design frå Ulstein

Fiskeriselskapet Bluewild fornyar flåten sin med ein fabrikktrålar designa av Ulstein Design & Solutions AS. Skånsam handtering av fangsten og lavast mogleg energiforbruk har vore viktige element i designutviklinga. Trålarer vil bli bygd ved Westcon Yards.

Hekktrålarer er av designtypen [ULSTEIN FX101](#) og markerer starten på ei ny satsing innanfor fiskeri for [Ulstein](#). Skipet har innreiing for 30 personar. Det 73,2 meter lange skipet har netto lasterom på om lag 2000 kubikkmeter og blir utrusta med kvadrupel trål og pelagisk trål. Skrogutforminga med [X-BOW®](#) vil bidra til mindre brå rørsler og vil minimere sjø på dekk.

ECOFIVE - for meir berekraftig fiskeri

ECOFIVE er eit konsept utvikla av [Bluewild](#), som set ambisiøse krav til lavast mogleg energiforbruk, størst mogleg utnytting av fangsten, uttak av ernæringsverdi og høgast mogleg kvalitet på sluttproduktet. For å tilrettelegge for måla i ECOFIVE har Ulstein utvikla konkrete løysingar og bygd over ein ny 'lest' for fabrikktrålarer. Grundige analysar i starten av designarbeidet og omfattande samarbeid med reiarlaget gjorde at ein har funne ein ny konfigurasjon for slike fartøy, tilpassa reiarlaget sin ønska driftsprofil og produksjonsfilosofi.

Blant anna har Ulstein utvikla eit system for fangstmottak og oppbevaring som i størst mogleg grad skal halde fangsten levande heilt fram til prosesseringa. Ved å ta fangsten direkte inn under vasslinja i ulike separate tankar unngår ein kvalitetstap under hiving og lagring i tørre mottakstankar, og fabrikk-kapasitetane får ei jamnare utnytting.

Les meir om ECOFIVE og nye løysingar ([lenke](#))

Hybrid kraft- og framdriftssystem

Det hybride kraft- og framdriftssystemet, som kombinerer dei beste eigenskapane frå dieselelektrisk og dieselmekanisk framdrift, vert støtta av ein stor batteripakke. To store propellar med rordyser aukar manøvreringsevna og slepekrafta, og bidreg til å minimere energitap ved rorutslag. Overskotsenergien, som returenergien frå vinsjane, vert lagra i batteripakken og overskotsvarme frå motorane blir gjenvunne og brukt der det er behov elles i skipet.

Basert på den operasjonelle profilen til skipet har Ulstein planlagt framdriftssystemet og systemintegrasjonen som mogleggjer drivstoffinnsparingar på minst 25 prosent per kilo produsert fiskeprodukt samanlikna med eit konvensjonelt kraftsystem. I enkelte operasjonar, saman med dei andre energiøkonomiserande tiltaka om bord, kan dette talet bikke 40 prosent. Denne betydelege reduksjonen i energibehovet fører ikkje berre til reduserte drivstoffutgifter for reiarlaget, men vil også gi ein vesentleg reduksjon i utslipp av klimagassar.

Les meir om hybridssystemet ([lenke](#))

Norske aktørar i trippelsamarbeid

Trålarer vil bli bygd ved [Westcon Yards](#) i Ølensvåg, som har lang erfaring med bygging av avanserte fiskebåtar, og driv fire verft langs norskekysten.

– Dei er ein god samarbeidspartnar for Ulstein Design & Solutions. Det er gledeleg å sjå at vi igjen kan levere design og utstyr til eit norsk verft for bygging av eit innovativt fartøy, seier Erwin Jager, salssjef fiskeri i Ulstein Design & Solutions.

Ulstein, med hovudkontor i Ulsteinvik, leverer design og engineering, og ei utstyrspakke for kraftsystemet (generatorar, elektromotorar for propulsjon inkludert frekvensomformarar, eit komplett batterisystem, tavler og distribusjonsløyising, og kontrollsystem for kraft- og energistyring) Alle systema er tilknytta det integrerte automasjonssystemet [ULSTEIN IAS™ med skybasert datainnsamling via Blue Box](#).

Bluewild held til i Ålesund. Reiarlaget har frå før trålarer Ishavet (bygd 2013). Den nye trålarer vil erstatte trålarer Langenes (bygd 1986).

Kontaktar:

Erwin Jager, Ulstein Design & Solutions, erwin.jager@ulstein.com, tlf. 411 85 629

Endre Matre, Westcon Yards, endre.matre@westcon.no

Illustrasjonar og foto: Ulstein Group. Høgare oppløyising kan sendast på førespurnad.

Foto frå kontraktssignering, frå venstre: Adm dir Runar Muren i Ulstein Design & Solutions, Endre Matre (manager shipbuilding) i Westcon, adm dir Tore Roaldsnes i Bluewild, prosjektleiar Geir Heggen i Westcon og salssjef Lars Ståle Skoge i Ulstein Design & Solutions.